

Dugnad på skorstein, elveløp og tun

Siste veka har det vore utført mange dugnadstimar i Årdalen. Fyrst var Jan og Per Arne ute mandag (27.9.) for å gjere ferdig skorsteinspipa.



Pipa vart pussa ferdig over taket, og det vart lagt inn blykrage. Dermed kunne taksteinen leggast på plass igjen, og mønebeslaget også. Endeleg har vi fått slutført pipe og tak.

I flaumperiodar er det såpass stor vassføring i Årdalselva at vatnet bryt ut av elveløpet. Det skal ikkje mykje til før flaumvatn kan gjere stor skade på innmarka.

Noka elveforbygging ved bruk av maskiner er ikkje særleg aktuelt i Årdalen. Her er det rein handemakt som må til om det skal bli betre. Ofte er det berre litt opprensning som er nødvendig. Steinar i «fangstorleik» (og mindre) som blir renska ut og plasserte i elvebarden, vil føre til at vatnet blir leda sentralt i elveløpet. Litt større steinar bremsar på og tek ut energien, og slik kan vi hindre at flaumvatnet bryt over elvebardane og gjer skade.



Sist laurdag (2.10.) var det John Steffen og Stig Vattøy frå Tjørvåg som gjorde viktig opprenskingsarbeid i elva.

Glatte og våte steinar førte til ei og anna ufriviljug bløyte.

Men som bildet viser (Stig til venstre) var både humøret og arbeidsgleda likevel på topp.

Takk for jobben!

Og på tunet var Per Arne og Terje i sving. Per Arne laga til trappetrinn frå tunet mot geitefjøset, medan Terje konsentrerte seg om bakkemuren på tunet. No er bakkemuren kommen så langt at med ei god økt til så er arbeidet gjort. Neste skritt då er å rydde litt i hellene på tunet slik at det blir flatt og fint.



Sjølv med stein som i utgangspunktet ikkje kan reknast som god murestein, kan resultatet gje ein heilskap som visuelt tek seg godt ut. Muren er i alle høve eit verdifulle tiltak i Årdalen.



Kaffipauser høyrer til på dugnader. Frå venstre:

Stig og John Steffen Vattøy, bakerst Per Arne Berge.

3.10.2010
th